

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap Kvam heradsstyre		

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b> N - 330	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksh.:</b> Åslaug Bøhn Botnen	<b>Objekt:</b>	19/403 - 1

### Tenesteanalyse pleie og omsorg 2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradstyre tek rapporten «Tenesteanalyse pleie og omsorg 2018» til vitande.

Det vert etablert eit administrativt omstillingsprosjekt i pleie og omsorg, finansiert innanfor rammene til tenesta. Som del av omstillingsprosjektet, skal rådmannen nytta ein av dei tilrådde modellane som grunnlag for budsjettet for 2020. Val av modell vert lagt fram i samband med utkast til økonomiplan i junimøtet i 2019.

I den grad omstillingsprosjektet medfører endringar i tenestetilbodet til brukarane, skal dette leggjast fram til politisk sakshandsaming.

#### Samandrag:

På bakgrunn av økonomiske utfordringar, vart det i budsjett 2018 sett av midlar til å gjennomføra ein analyse av pleie- og omsorgstenesta. Agenda Kaupang har bistått kommunen i arbeidet som vart utført hausten 2018. Ei internt prosjektgruppe har delteke i arbeidet saman med Agenda Kaupang.

Rapporten peikar på utfordringsbilete kommunen står overfor, og kjem med ei rekkje tilrådingar innan både tildelingspraksis, praksis for ressursfordeling og organisering. Noverande organisering og struktur medfører utfordringar både med omsyn til å sikra drift innan økonomiske rammer og høgare kostnadsnivå enn samanlikningskommunar. Ei framtidretta teneste må ha eit bærekraftig kostnadsnivå. Analysen viser at ytterlegare effektivisering og kostnadsreduksjon bør vera mogleg, men det vil vera vanskeleg å gjennomføra utan at det får konsekvensar for tenestetilbodet til innbyggjarane. I eit slikt perspektiv vil behov for strukturendring vera vesentleg. Kommunen må difor satsa vidare på tenester som vil gjera at fleire kan klara seg sjølve og bu heime lenger. Kommunen må også, i større grad enn tidlegare, vurderer dekningsgrad og tal lokasjonar med heildøgnsstilbod. Det må arbeidast vidare med heiltidskultur og kompetanseheving.

Rådmannen vil etablere eit omstillingsprosjekt som går gjennom dei ulike tilrådingane og kva tiltak som skal iverksetjast på kort og lang sikt.

Rådmannen ynskjer å nytta ein av dei tilrådde budsjettmodellane som grunnlag for budsjettet for 2020, og vil velja modell til saka om utkast til økonomiplan i junimøtet i 2019.

Når det gjeld organisering av tenesta, vert dette eit relativt stort, internt arbeid innanfor rådmannen sine fullmakter, som vil skje i samarbeid med tillitsvalde. Dersom omorganiseringa vil påverka tenestetilbodet, eller gjennomgangen av tildelingspraksis for tenester medfører endringar i tilbodet til brukarane, vert dette lagt fram til politisk handsaming.

På grunn av dei økonomiske utfordringane, vil rådmannen setja i gang tiltak så raskt som mogleg for å unngå unødig ressursbruk, eller gjennomføra andre mellombelse tiltak der det er mogleg.

**Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
623363	Vedlegg til rapport
623365	R1020541Kvam herad- tjenesteanalyse innen pleie og omsorg rapport
623366	Presentasjon budsjettmodell

**Andre dokument i saka:**

Tjenesteanalyse pleie og omsorgstjenester i Kvam kommune ved Agenda Kaupang

### **Saksopplysningar:**

Kommuneøkonomien har dei siste åra vore krevjande og det har vore store innsparingskrav i alle einingar. Eining for helse- og omsorg, og då spesielt pleie og omsorg, har ikkje greidd desse innsparingskrava. Dei har hatt eit aukande overforbruk i forhold til politisk vedtekne økonomiske rammer. Utfordringa har vore, og er å greia å tilpassa drifta i tråd med faglege og individuelle krav, sentrale føringar og økonomiske ressursar. Slik situasjonen er no, er det heimetenesta som har dei største utfordringane m.o.t økonomi.

Med bakgrunn i dei store økonomiske utfordringane, vart det i budsjett 2018 sett av midlar til å gjennomføra ei analyse av tenesta. Agenda Kaupang har bistått kommunen i analysearbeidet. Arbeidet vart utført hausten 2018 i tett samarbeid med ei intern prosjektgruppe med desse personane:

Åslaug Bøhn Botnen	helse og omsorgsjef og leiar for prosjektet
Elfrid R. Oma	pleie og omsorgsleiar
Ingegjerd Pedersen Lid	leiar forvaltarkontoret
Hilde Ystanes	leiar Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling
Anne Lise Neteland	IT-medarbeidar helse og omsorg
Solveig Eikrem	controller helse og omsorg
Ragnhild Rykkje	tillitsvald fagforbundet
Lillian Kvamsøy	verneombod
Marie Elisabeth Skutlaberg	brukarrepresentant/ RMNFE

Pleie- og omsorgstenesta i Kvam har som overordna mål at innbyggjarane skal få hjelp på lågaste effektive omsorgsnivå. Det betyr mellom anna at flest mogleg skal bu heime lengst mogleg. Heile helse- og omsorgstenesta er organisert for å nå dette målet, og det er viktig at «omsorgstrappa» fungerer, frå hjelp i heimen opp til spesialisert sjukeheimstilbod.

Pleie- og omsorgstenesta i Kvam yt individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling og pleie, i alle aldersgrupper. Dei største gruppene er eldre, personar med utviklingshemming og personar med psykiske vanskar og/eller rusproblem. Dei siste åra har det vore ein auke i brukargruppa under 67 år. Me opplever at denne gruppa ofte har samansette behov, og at dei er ressurskrevjande.

Helse- og omsorgstenesta skal leggja til rette for at kvar enkelt kan ta ansvar for eiga helse gjennom fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og tilrettelegging av eigen livssituasjon og «Helse i alt me gjer» skal prega tenestetilbodet.

Oppgåver og ansvar i pleie og omsorg er organisert i fire (4) fagavdelingar:

- ✓ Stab- og forvaltarkontor som mellom anna har ansvar for sakshandsaming av søknader
- ✓ Kvam rehabilitering- og behandlingsavdeling ( KRB) har ansvar for korttidstilbod i institusjon; observasjon, behandling, rehabilitering, avlastning, øyeblikkeleg-hjelp-døgntilbod og omsorg ved livets slutt
- ✓ Pleie- og omsorgsavdelinga med ansvar for institusjonsomsorg og heimetenesteomsorg er organisert i 14 arbeidsgrupper
- ✓ Avdeling Rus og Psykisk helse har ansvar for tilbod til personar med rus- og/eller psykiatriproblem

*Kommunedelplan for helse og omsorg 2015-2030* peikar på moglegheiter og korleis kommunen kan møta framtidige behov og skapa gode tenester for innbyggjarane i åra som

kjem. *Utbyggingsstrategiar for helse og omsorg 2017-2030* definerer dei viktigaste utbyggingsbehova i helse og omsorgstenesta og inneheld strategiar for framtidig utbygging. Kommunen har dei seinare åra gjort fleire organisatoriske og tenestemessige grep for å styrkja tilbodet til innbyggjarane og optimalisera ressursbruken. I 2012 vart mellom anna sakshandsaming og tildeling av tenester lagt til eige forvaltarkontor og ny gruppestruktur i pleie og omsorg vart etablert.

Dei siste tiåra har det vore gjennomført omfattande helsereformer i landet, mellom anna gjennom stortingsmeldingar som gjev retning og føringar for korleis styresmaktene ynskjer utviklinga skal vera. Samhandlingsreforma vart innført i 2012 og kommunane vart utfordra på å utvikla tenestetilbodet til «å gje tilbod før, i staden for og etter» sjukehusbehandling. I Kvam har me tilpassa oss desse føringane og har ei fagleg sterk pleie- og omsorgsteneste og god samhandling mellom helsepersonellet internt og mot sjukehusa.

Kvam står overfor ein sterk auke i behovet for pleie- og omsorgstenester frå 2025. Dette som fylgje av auke i tal eldre, spesielt dei over 80 år. Dersom kommunen skal kunna møte desse utfordringane og ivareta innbyggjarane sine behov må planlegging og dimensjonering av tenester gjerast på ein slik måte at innbyggjarane kan ta aktivt ansvar for eiga helse. Fleire må kunna vera aktive og bu heime lenger. Behovet for pleie- og omsorgstenester har auka med om lag 25 % frå 1995 til 2017 og det er forventa ytterlegare auke i behovet fram mot 2040. Kommunen må redusera utgiftene m.a. ved ei ytterlegare satsing på heimetenester og mindre ressursar til institusjon.

Som fylgje av endringar i alderssamansetjinga i befolkninga skjer det ingen vesentleg auke i tilgang på arbeidskraft og potensielle frivillige omsorgsytarar i Kvam. Auka vekst i tal eldre og auka tal yngre brukarar, kombinert med nedgang i personar i yrkesaktiv alder, vil skapa utfordringar i tenesta og i familiane.

Parallelt med denne utviklinga vert stadig fleire oppgåver og ansvar lagt til kommunane. Dei økonomiske overføringane frå staten står nødvendigvis ikkje i forhold til oppgåveforskyvinga. Dette stiller store krav til kommunen og må vurderast i samband med utvikling og dimensjonering av tenestetilbodet.

I bestillinga til Agenda Kupang var det bedt om gjennomgang av både institusjons- og heimetenesteomsorg, med spesielt fokus på heimetenesta. Oppgåver, kompetanse og organisering var område som skulle vurderast, og analysen skulle også sjå på praksis for tildeling av tenester, praksis for tildeling av ressursar og organisering. Det var mellom anna viktig å få nødvendig innsikt i kostnadsnivå og dimensjonering på dei ulike områda.

Basert på innhenta data og Agenda Kaupang sine analysar har dei utarbeidd forslag til tiltak på korleis sikra bærekraftige pleie- og omsorgsteneste i Kvam herad, med hovudfokus på å svara ut problemstillingane knytt til tildeling av tenester, organisering av tenester og ressursfordeling. Rapporten og vedlegg til rapporten, er vedlagt saka.

Rapporten er tydeleg på utfordringsbilde for kommunen og kjem med klare tilrådingar innan tildelingspraksis, praksis for ressursfordeling og organisering.

Rapporten peikar på at dei ambulante tenestene må styrkjast, også kompetanse og kvalitet, og at tenester vert tildelt etter BEON-prinsipp. Kommunen må syta for å ha tilbod og tiltak på alle nivå i omsorgstrappa. Dimensjonering av institusjonsplassar og heildøgns plassar og tal lokasjonar må vurderast. Ny avdelings-, gruppe-, og leiarstruktur må vurderast og tenesta må i større grad ta i bruk velferdsteknologi og fleire arbeidsprosessar må digitaliserast. Tenesta må arbeida vidare med heiltidskultur og kompetanseheving.

## **Vurdering:**

I arbeidet med analysen har det vore viktig å bruka tid på gjennomgang/verifikasjon og internt eigarskap til analysearbeidet. Det har vore eit konstruktivt samarbeid med Agenda Kaupang i arbeidet med tenesteanalysen. Tilsette har bidrege med nyttig informasjon gjennom deltaking i møte, intervju og ved tilrettelegging av informasjon. Prosjektgruppa drøfta rapporten i møte 25. januar og leiararane i helse og omsorg og tillitsvalde i møte 31. januar og 6. februar. Tenesta kjenner seg igjen i både faktadelen og det utfordringbilde som det vert peika på og støtta fleire av tilrådingane i rapporten. Det er heilt nødvendig med omstilling i pleie og omsorg, både for å få betre kontroll på økonomien og for å sikra bærekraftige tenester for framtida. Det er viktig med gode haldningar internt og god informasjon til brukarar og innbyggjarar, når endringar vert sett i verk.

Slik rådmannen ser det, er det nødvendig med eit omstillingsprosjekt i pleie og omsorgstenesta for å få gjennomført større omstilling og endring. Rådmannen vil difor etablere eit omstillingsprosjekt som går gjennom dei ulike tilrådingane og kva tiltak som skal iverksetjast på kort og lang sikt. Rådmannen ynskjer å nytta ein av dei tilrådde budsjettmodellane som grunnlag for budsjettet for 2020, og vil velja modell til saka om utkast til økonomiplan i junimøtet i 2019.

Når det gjeld organisering av tenesta, vert dette eit relativt stort, internt arbeid innanfor rådmannen sine fullmakter, som vil skje i samarbeid med tillitsvalde. Dersom omorganiseringa vil påverka tenestetilbodet, eller gjennomgangen av tildelingspraksis for tenester medfører endringar i tilbodet til brukarane, vert dette lagt fram til politisk handsaming.

På grunn av dei økonomiske utfordringane, vil rådmannen setja i gang tiltak så raskt som mogleg for å unngå unødig ressursbruk, eller gjennomføra andre mellombelse tiltak der det er mogleg.